



Kjem det 5000 på jorden i år? Bjørn Olav Tveit håpar på det.

Festidalen hadde 2500 innom portane i fjor og har ein målsetting om å verta dobbelt så stor. Det slo leiar Bjørn Olav Tveit fast under eit pressemøte i ettermiddag der han streka under at dette i aukande grad bør stå fram som ein regional festival med aukande oppslutnad ikkje minst frå heile Sunnhordland og Haugalandet. Og utsiktene er lovande utifrå dei signalane som kjem.

Men ein meir intensiv marknadsføring må til og eitt tiltak kan nemnast som eit døme: Under Festidalen som snart kjem vert det sett opp ferje frå Stord til Uskedalen og attende, nærare bestemt den freda MF Skånevik.

Festivalleinga slår fast at Festidalen har utvikla seg til meir enn ein festival og at det ikkje stoppar no. Det har utvikla seg til ein brei kulturfestival og ein folkefest som når stadig nye målgrupper. Også serveringen er ein sak for seg , den omfattar til dømes uskedalsavla hamburgar og lokalt øl,

Og fleire tilbod kjem denne gongen, til dømes sjakk med nasjonale kapasitetar. Campen bør få fleire gjester og det er plass nok på den aktuelle plassen. Det er problemfritt å få inn minst 50 telt der.

Kulturkontoret i kommunen har fått 185 000 til fordeling mellom festivalane og har gjeve 60 000 til Festidalen, som den største av dei.

Tekst, foto og nett: Ola Matti Mathisen